

TRYGVE ØKSNES  
FOSSE 1  
5919 FREKHAUG

---

<b>Dato</b>	04.10.2023
<b>Vår referanse</b>	2023/58805-3
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Lillian Bakke Byrknes
<b>E-post</b>	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
<b>Telefon</b>	45638702

## Vedtak om stenging av avkøyrsløse - fv. 5308 Melandsvegen - gnr 314 bnr. 10 - Alver kommune

Vi viser til førehandsvarsel datert 24.04.2023. Du blei i dette brevet beden om å sende inn dokumentasjon på at avkøyrsløse som er opparbeidd som ny tilkomst til gnr. 314 bnr. 10 i Alver var lovleg. Vi ga deg også høve til å søke om løyve til å etablere avkøyrsløse.

Fylkeskommunen kan ikkje sjå at vi har mottatt dokumentasjon eller søknad frå deg. Vi har også teke kontakt med deg på telefon og bede om søknad eller framlegging av dokumentasjon utan at du har gitt oss tilbakemelding på dette.

Etter dette har vi kome til at vi må krevje at den nye avkøyrsløse vert stengt.

### Vedtak

Med heimel i veglova § 40 og 42 gir vi deg med dette pålegg om å fjerne avkøyrsløse.

Fristen for å fjerne den nye avkøyrsløse og tilbakeføre arealet slik det var før tiltaket er 01.11.23.

Dersom du ikkje har fjerna avkøyrsløse og tilbakeført arealet innan fristen, kan Vestland fylkeskommune fjerne avkøyrsløse for di rekning, jf. vegloven [§ 42](#).

### Grunngjeving

Etter samtale med deg tidlegare i år seier du at du har eit eldre avkøyrsløse, men dette har du ikkje sendt til oss. Vi finn ikkje dokumentasjon på avkøyrsløse til denne eigedomen i våre arkiv.

Ut ifrå flyfoto kan vi ikkje sjå at eigedomen har hatt tilsvarende køyretilkomst tidlegare. Og utan eit løyve så ser vi på avkøyrsløse som ulovleg bygd.

Vi meiner også avkøyrsløse som er opparbeidd her ikkje tilfredsstillar krav til utforming som vi ville gitt med heimel i veglova § 43. Avkøyrsløse har ikkje ei god plassering fordi den ligg så nært kurva på fylkesvegen at det ikkje er tilstrekkeleg sikt til motgåande køyretøy. Det gjer at avkøyrsløse er trafikkfarleg.

### Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

**Mats Korneliussen**

leiar

INV - Forvaltning Bergensområdet

**Lillian Bakke Byrknes**

rådgjevar

INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906

FREKHAUG